

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Voss vidaregåande skule (632)

Tal elevar skuleåret 2015/16: 242

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

### Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått  
Andel stryk og IV  
Gjennomsnittleg fråvær  
Andel sluttarar

### 1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	77,3%
2015/16	77,1%

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	19,74%	7,4%
	2015/16	8,71%	8,71%
Standpunkt	2014/15	13,9%	6,28%
	2015/16	6,64%	4,15%
Eksamen	2014/15	9,09%	-
	2015/16	6,98%	-

### 1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	19,03
	dagar	10,55
2015/16	timar	12,77
	dagar	8,98

### 1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	5,1%
2015/16	4,95%

### 1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

**Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?** Andel elevar som har fullført og bestått ligg på same nivå som i fjor. Andelen med fullført og bestått er 80,6% på yrkesfag medan påbygg ligg på 63,5%. Dersom vi skal auke andel elevar som gjennomfører må vi ha fokus på påbyggklassane våre. I påbygg har vi dette året 16 negative karakterar (1/IV). 7 av desse er standpunkt og 8 er eksamenskarakter. 9 ulike elevar har ein eller fleire av desse.

Ser vi på resten av elevane og tel opp negative karakterar her ser vi at vi har 26 linjer med karakteren 1. 19 av desse er det framandspråklege elevar som har fått i ulike fag. Vi ser (og har påpeikar i alle fora vi kan!), at å ta inn framandspråklege elevar i ordinære utdanningsløp utan å sikre at dei har gode nok språkkunnskapar er lite gunstig. Dei lukkast ikkje på grunn av at dei ikkje kan språket og vi står utan verkemiddel for å hjelpe desse elevane. Her vil eg opplyse om at skulen har teke av eigne midlar dette året og gitt desse elevane to timar ekstra undervisning i norsk per veke heile skuleåret og tre av elevane har og fått støttetimar i engelsk. Likevel ser vi at resultatet blir lav måloppnåing for desse elevane pga. språk vanskar. Her kan kvar einskild skule gjere lite, systemet rundt inntak og oppfølging av denne elevgruppa må det jobbast med på eit høgare nivå. Ser vi på IV for resten av skulen (utan påbygg) gir dette 22 linjer, der 11 av desse er knytt til to elevar som har hatt spesialundervisning i ein del av faga.

Fleire av dei negative karakterane er knytt til einskild elevar. Altså tenkjer vi at oppfølginga må gå direkte mot elevar som slit med å få skuledagen til å gå i hop og mindre på system arbeid. Problema til desse elevane er ofte samansett av ulike faktorar der faglege utfordringar berre er ein liten bit av ein større problematikk.

**Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?** Vi har «bli kjent» veke, startsamalar, overgangsmøter og gir tilrettelegging med miljøfagarbeider til dei som treng det mest. Vi har «små» miljø på dei ulike avdelingane våre og prøver å ivareta kvar einskild så godt som vi kan.

#### **Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

Vi har 12 sluttarar etter 1/10. 2 av desse var elevar knytt til Styvegard (institusjonsundervisninga) som ikkje var klar for skulegong på det tidspunktet dei var innom oss. Dei andre 10 elevane hadde ulike utfordringar som var samansett. For å lukkast er vi avhengig av godt samarbeid i ressursteam og med helsesyster på skulen. Dette samarbeidet har vi men vi ser at likevel er det elevar som har ein problematikk som gjer at dei ikkje meistrar skulegongen og droppar ut for oss.

#### **Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

I arbeidet med å betre gjennomføringa, må vi ha oppfølging av den einskilde eleven i fokus. Systemarbeidet på skulen fungerer slik vi ser det, men vi har elevar med problematikkar knytt til personlege tilhøve, rus eller helse som og andre instansar må hjelpe oss med (OT/PP, helsesyster, BUP og skulepsykolog). Skulane på Voss har gått saman om ei stilling som heiter Elevkoordinator. Oppgåva til denne personen er å gje oppfølging og støtte til elevar som bur på hybel og som treng ekstra støtte frå oss på skulen. I tillegg har vi her på skulen tilsett ein miljøarbeider for å gje støtte og hjelp til einskild elevar. Vi tenkjer at vi må forsette dette arbeidet også framover.

## 2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

### 2.1 Vurdering for læring

**Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

#### 2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

***Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Vurdering for læring. Elevundersøkinga syner gul+ på dette området. Dersom vi går inn og ser på dei ulike trinna ser vi at Vg1 skårar til grønt medan Vg2 og Vg3 har gul+. Det same ser vi på eigenvurderinga: Skulen samla har gul+ men også her skårar Vg1 høgast med grønt. Vi ser ei bedring på Vg2 trinnet frå undersøkinga i fjor der Vg2 trinnet skåra raudt på eigenvurdering.

#### 2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

***Utfordringar:***

Når det gjeld samarbeid og fokus på vurdering er dette eit område som vi ikkje slepp tak i sjølv om vi har fokus på dette over tid no gjennom styringsdokumentet frå Opplæringsdirektøren. Vurdering og at elevane forstår vurderingskriteria er viktige moment for å lukkast med kvalitet i opplæringa her vil vi forsette arbeidet . Eigenvurdering er ofte vanskeleg for elevane, men gjennom god rettleiing på til dømes rapportar og loggar frå praksisperiodar kan vi oppnå mykje. Her har vi hatt fokus og vi skal forsette med dette også for neste skuleår. For Vg3 har vi ikkje moglegheit for oppfølging av eigenvurdering på same måte som for Vg1 og Vg2. Her er det teoritunge fag og tempoet i faga er høgt, her må vi kanskje jobbe meir med temaet skjematisk for grupper og mindre med rettleiing ein og ein.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

#### **Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

IKT blir brukt som eit verktøy i dei ulike faga. Både generelle tekstverktøy, men og fagspesifikke verktøy knytt til programfag. Som IKT prosjekt utanom dette har vi bruk av blogg, digital lærebok i Byggfag Vg1 og fokus på opplæring i textpilot for elevar som treng dette. Bruk av bilder praksisrapportar for frisørelevane ( eigenvurdering).

### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

#### **Utfordringar:**

Utfordringa er å få til ei deling av den kunnskapen vi har på skulen og få fleire til å prøve ut til dømes digitale lærebøker. Vi set av møteid til dette men det blir litt opp til den einskilde lærar å ta dette i bruk i eigen undervisning.

## 2.3 Klasseleiing

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

#### **Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Som i fjor har vi og dette skuleåret hatt ein time på timeplanen som er sett av til kontaktlærartime. Her går kontaktlærar gjennom fråværsføringar og saker knytt til læringsmiljøet i klassane. Dette er eit tiltak vi vil forsette med.

Når vi ser på resultatata på Elevundersøkinga har vi bedra resultatata frå i fjor. Feltet støtte frå lærar er gått frå gul+ til grøn. Elevdemokrati, felles reglar og variert opplæring har gått frå gul- til gul+. Vi har hatt fokus på felles handtering av nokre reglar i ordensreglementet dette året og vi har lukkast med det.

### 2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

#### **Utfordringar:**

Også på dette feltet ser vi at påbyggklassane våre skårar dårlegare enn Vg1 og Vg2. På støtte frå lærar har Vg3 gul+ medan Vg1 og Vg2 syner grønt. På arbeidsro og felles reglar syner feltet for Vg3 gul- medan Vg1 og Vg2 har gul+ og grønt på desse områda. På variert opplæring syner feltet raudt for Vg3 medan feltet er grønt for Vg1 og Vg2. Dette er kanskje ein naturleg konsekvens av at påbyggåret er eit år med teoretiske fag medan Vg1 og Vg2 har meir variert undervisning som ein konsekvens av faga i seg sjølv, programfag som er praktiske i tillegg til fellesfaga. Utfordringa vår for neste år er å ha fokus på det gode arbeidet i Vg1 og Vg2 samstundes som vi må sjå på tiltak spesielt for Vg3.

### 3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

#### 3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

--

#### 3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

--

#### 3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

--

#### 3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

--

#### 3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

--

## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

### **4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Vi har hatt lite fokus på dette arbeidet i år. Inn mot omstilling til nye skular på Voss der to av avdelingane vår skulle pakkast ned og flyttast over i ny organisasjon har tida vert prioritert til omstillingsarbeid og praktisk arbeid med å pakke og flytte. Etter avtale med Opplæringsavdelinga gjennomførte vi heller ikkje Skulebesøket dette skuleåret .

### **4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Vi hadde fokus på resultatane frå fjorårets Elevundersøking ved oppstart av skuleåret der vi gjekk gjennom fokusområder på klasseleiing. Gjennom året har det vore opp til den einskilde lærar å følgje opp desse forpliktelsane i klasserommet (jamfør opplysningar i 4.1).

### **4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Jamfør opplysningar i 4.1

### **4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Vi hadde fokus på resultatane frå fjorårets elevundersøking på elevrådskurset ved oppstart der vi gjekk gjennom fokusområder på klasseleiing og kvar klasse fekk i oppdrag å lage sine

fokusområde på grunnlag av ordensreglementet. I løpet av året har det vært opp til kontaktlærer å følge opp disse forpliktingane (jamfør svar på 4.1)

**4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Ja det er utfordrande å ha fokus på dette samstundes så vi skal ha fokus på omstilling for å ivareta både elevar og tilsette i ein slik prosess. Vi har difor hatt fokus på omstilling, men samstundes lagt vekt på god undervisning for elevane. Utviklingsarbeidet har fått kvile litt dette skuleåret.

## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Dette blir tema for ein av planleggingsdagane ved oppstart. Også til neste skule år er vi i omstillingsprosess, men skulen er då ei meir oversiktleg med ein avdeling att (Vatle) med 6 klassar. Vi håpar og trur at vi kan ha fokus på både omstillingsarbeidet og utviklingsarbeidet for neste skuleår.